



Frode Sagstad  
Elvavegen 67  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7227 - 22/81397

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
25.10.2022

## Vi trenger opplysningar i saka - gbnr 323/600, 601 Frekhaug

Tiltak: garasje  
Byggjestad: Gbnr: 323/600  
Tiltakshavar: Frode Sagstad  
Ansvarleg søkjar: Frode Sagstad

Kommunen syner til søknad om tiltak utan søknadsplikt motteke 06.10.2022 og dispensasjonssøknad. Vi oppfattar tiltaket som felles garasje med bodar og ingen carport. Kommunen har gått gjennom søknaden og vil be om supplerande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan må vise avstand til nabogrenser, veg og bygg.
2. Viss avkørsel skal flyttast, må den definerast og siktsonar skal visast på situasjonsplan. Vi tilrår å etablere felles avkørsel til felles garasje. Om det vert ikkje mogeleg med felles avkørsel vil vi tilrå å nytte samla avkørsel på begge eigedommar, då etablering av ekstra avkørslar medfører trafikkfarleg situasjon. Avkørslar skal visast på situasjonsplanen.
3. Ekstra avkørsel krev dispensasjon frå reguleringsplanen, kor alle regulerte avkørslar er vist med pilen.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 26.11.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

|                   |              |      |          |
|-------------------|--------------|------|----------|
| Frode Sagstad     | Elvavegen 67 | 5918 | FREKHAUG |
| Frode Sagstad     | Elvavegen 67 | 5918 | FREKHAUG |
| Øystein Mellingen | Elvavegen 65 | 5918 | FREKHAUG |